

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/8651-1

Fylkesveglys, overtaking av veglys i Flora kommune som kommunen driftar i dag

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ansvaret for dei delar av lysanlegga på fv. 548 Brandsøyvegen og fv. 542 i Eikefjord i Flora kommune som oppfyller «skal-krava» i vegnormalane, samt teknisk kvalitet.
2. Auka driftskostnader vert finansiert innanfor ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Vedlegg:

1. Søknad frå Flora kommune om overtaking av ansvar for veglys
2. Vedlegg til søknad frå Flora kommune

Andre relevante dokument i saka:

- Handbok N100 Veg og gateutforming

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Flora kommune har søkt om at Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek drift av lysanlegga på riks- og fylkesvegar som kommunen driftar i dag.

Statens vegvesen har i dag ansvar for å drifte lysanlegg langs rv. 5 i Flora kommune med unntak av ein liten strekning på enden av vegen mot Florø hamn. Statens vegvesen har og ansvaret for ein del av fv. 545. Flora kommune driftar det meste av dei andre lysanlegga.

Sentrale problemstillingar

I planforslag til Regionale transportplan for 2018-27 (mai 2017) er det foreslått følgjande praksis for veglys:

- Nybygde anlegg finansiert av fylkeskommunen, med grunnlag i krav i vegnormalane, skal driftast som fylkesveganlegg.
- Dersom kommunar eller andre søker om at fylkeskommunen skal overta driftsansvar for, eller få driftstilskot til, etablerte lysanlegg, dei må tilfredsstille skal-krava i vegnormalane, samt tekniske krav til belysning og utstyr.
- Eksisterande lysanlegg som ikkje er grunngeve i skal-krav, vil også i framtida vere kommunane/andre sitt ansvar.

Dette er vidareføring av gjeldande praksis.

Med skal-krav meiner vi her strekningar det det etter vegnormalane skal vera veglys. I denne samanheng er det desse tilhøva som utløyser krav om veglys i vegnormalen, jf. *N100 Veg og gateutforming*:

- Gangfelt
- Kryssande gang- og sykkelveggar
- Fysisk kanaliserte kryss i hovudvegen
- Rundkøyringar
- Korte strekningar (< 500 m) mellom belyste strekningar, for å få samanhengande belysning

Flora kommune har sendt oss ei prioritert liste over lysanlegg som dei vil at vi overtek drifta av. Det er berre to strekningar som oppfyller «skal-krava» i vegnormalane og krava til teknisk kvalitet. Dette er 1740 m langs fv. 548 Brandsøyvegen og 1150 meter langs fv. 542 i Eikefjord.

Det er fleire lysanlegg i Flora som oppfyller «skal-krava», men desse er ikkje i god nok teknisk stand til at Statens vegvesen kan foreslå å overta driftsansvaret. Dette er veglysanlegg langs fv. 545 Kinnvegen, fv. 545 Havrenesvegen og fv. 545 Michael Sarsgate. Det vil koste om lag 3,7 mill.kr å oppgradere desse anlegga.

2. Vurderingar og konsekvensar

I samsvar med kriteria frå vegnormalane i N100 Veg- og gateutforming og gjeldande praksis for overtaking av lysanlegg, foreslår Statens vegvesen at fylkeskommunen overtek lysanlegga som oppfyller «skal-krava» og teknisk kvalitet.

Økonomiske konsekvensar av å overta lysanlegg på fv. 548 Brandsøyvegen og fv. 542 i Eikefjord er stipulert til ca. 40.000 pr. år i drift og straum til saman for begge vegane.

3. Konklusjon

I samsvar med gjeldande retningslinjer i regional transportplan og praksis tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen tek over ansvaret for dei lysanlegga på fv. 548 Brandsøyvegen og fv. 542 i Eikefjord i Flora kommune som oppfyller «skal-krava» i vegnormalane i N100 Veg- og gateutforming, samt krav til teknisk kvalitet. Dei auka driftskostnadene dette medfører vert finansiert innanfor ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.